

ligg på nivå med Huseby i 1905, men byggjer lite ut i 1913. Når eit namn først er skapt, kjem det som regel med i seinare bøker.

Lista inneheld 332 namn (tvikjønna *-rod*-namn er rekna dobbelt). Det er vel 58 prosent kvinnenamn og knapt 42 prosent mannsnamn. Skilnaden heng saman med at norrønt har færre kvinnenamn enn mannsnamn. Når nettet av koplingar skal fyllast ut, blir det derfor flest nye kvinnenamn. Nesten halvparten (148) av dei nye namna i bruk. Flest er identiske med originalnamna i Aasen (37) og Huseby 1891 (37), deretter følgjer Munch (28), Bru 1905 (26) og Huseby 1895 (25), og til sist Støylen (2) og Bru 1913 (1). Men sidan namna gjerne går att i desse bøkene, treng dei ikkje å stamme frå den første boka, eller faktisk ikkje frå noka bok i det heile – det kan vera ein spontan idé på allmenn grunn. Måler vi bruksraten frå originalbelegg til første repetisjon (eventuelt ingen), får vi desse tala: Munch 10, Aasen 7, Huseby (1891) 8, Huseby (1895) 16 og Bru (1905) 6.

Påverknaden etter den første repetisjonen er uråd å måle. Eit namn som *Vilgunn* (i bruk frå 1913) står både i Aasen, Støylen, Huseby (begge) og Bru (begge), men noko godt kriterium for å peike ut éi bok framfor dei andre har vi ikkje. Tidsavstanden kan vera eit vink at gjentakninga(ne) er viktigare enn originalen. Dei mange seine nedslaga frå Munch vil såleis indikere at andre formidla det han hadde skapt. Mine observasjonar tyder på Huseby nådde lengst både med eigne og andres namn. Det stemmer godt med salet av bøkene, sjå pkt. 2 i artikkelen.

Framlegga inneheld berre ledd frå norrønt, ingen nye som *Ed-*, *Jon-* eller *Nil-*. Alle namn har to tydelege ledd; avleiingar finst ikkje. Nokre av forledda vann godt fram, t.d. *Aud-*, *Lid-*, *Nor-*, *Unn-* og *År-*, men ledd som *Ag-*, *Baug-*, *Bjarn-*, *Bot-*, *Heid-*, *Hug-*, *Råd-* og *Sal-* fengde ikkje. Bortsett frå *Ag-* og *Bjarn-* gjeld desse i alt vesentleg kvinnenamn. Varianten *Sol-* vart langt meir populær enn det historisk *Sal-* (pkt. 3.2.2 ovanfor). Lista inneheld 20 ulike etterledd i kvinnenamna og 34 i mannsnamna. Dei vanlegaste er *-frid* (26 framlegg), *-veig* (25), *-hild* (17) og *-run* (14) i kvinnenamn og *-fred* (10), *-vald* (10), *-geir* (9), *-stein* (9) og *-vard* (9) i mannsnamn. Desse fekk mange nedslag i bruken, men ledda *-trud* (11) frå Munch, Aasen og Bru (1905), *-vild* (8) frå Huseby, *-linn* (5) frå Munch og *-rod* (5) frå Huseby og Bru fall dårleg ut – berre eitt namn på *-trud* og eitt på *-vild* kom i bruk, og *-linn* og *-rod* vart ikkje ensa i det heile.

Er det så sikkert at alle er namn?

Ein merknad om metode og personnamn i urnordiske runeinnskrifter

Av Eldar Heide

This article discusses how we can determine which nouns in the Proto-Scandinavian runic corpus are names and which are by-names or appellatives. With regard to making definite distinctions, it seems that the criteria have neither been formulated nor discussed very much. The article presents a critical view of the way in which the problem has been handled hitherto and considers the different criteria that have been applied. Unfortunately, I cannot offer new, better methods for identifying names; my aim is to argue in favour of more explicit criteria and a more careful approach when it comes to pointing out names in the Proto-Scandinavian corpus.

Korleis kan vi avgjera kva substantiv i det urnordiske korpuset som er (sær)namn, og kva ord som er tilnamn eller appellativ / samnamn? Det ser ut til at kriteria for å avgjera spørsmålet i liten grad blir eksplisitt formulerte og drøfta. Her skal eg gje eit kritisk blick på måten ein har handtert problemet på. Nye, betre metodar for identifisering av namn kan eg dessverre ikkje tilby, ærendet mitt er å slå til lyd for meir eksplisitte kriterium og at vi bør vera mindre snare til å peike ut namn i det urnordiske korpuset.

Tolkinga av Hogganvikinnskrifta frå yngre romartid eller folkevandringsstid, funnen i 2009, kan tene som inngang til det eg skal ta opp. Innskrifta er slik (Knirk 2011: 28):

A. **kelbapewas : ştäinar : aaasrpkf**

B. **aarpaa : inananapör**

C. **eknaudigastir**D. **ekerafar**

Det er ikkje semje om rekkefølga på linjene. Eg omset teksten slik, med mange alternativ opne: «(Dette er) steinen til kelbapewar / kalvetenaren / kalvetilhengaren / kalve-følgjes-venen (eller: kvigetenenaren osv.)[uforståeleg sekvens] innanfor nova / navet [?] eg er naudigastir / ein nødgjest / nødgjesten, eg er ein jerv / jerven (Gulo gulo)». ¹⁾ Her omtalar runeristaren seg sjølv som både *kelbapewar, naudigastir og erafar, ser det ut til. Både Knirk (2011: 28 f.) og Schulte (2013: 121-24) skriv alle tre orda med stor førebokstav og kallar dei namn (Schulte 2013: 124) seier *kelbapewar og naudigastir er «personal names», og erafar eit «by-name (or nick-name)», utan å argumentere eksplisitt for den klassifiseringa, så vidt eg kan sjå. Men det kan vanskeleg vera opplagt at alle tre orda er namna til runeristaren, og ingen av dei appellativ som berre gjev opplysningar om han.

Før eg går nærare inn på det urnordiske korpuset, vil eg seia litt generelt om kategoriane namn, tilnamn (svensk *binamn*, engelsk *byname* eller *nickname*, dansk *tilnavn*) og samnamn / appellativ. Kriteria vi brukar for å skilja mellom (sær)namn og andre substantiv er fyrst og fremst at (sær)namn:

- Vanlegvis ikkje tyder noko i seg sjølve (Janzén 1947a: 2, Lundbladh 2015: 218, 220, Coates 2006, Gustavsson 2016: 31), funksjonen er å vera «merkelapp». Det blir hevda at «namn bildas når uttrykket mister sin betydelse»; «om ett uttryck som har mist sin betydelse fungerar för att referera så är det ett namn» (Lundbladh 2015: 218). Særnamn kan tyde noko i seg sjølve, eller kan av og til tolkast slik, humoristisk eller fordi den eigentlege tydinga høver med personen, også i dag, t.d. *Bjørn*. Namnet *Refr* på hovudpersonen i *Króka-Refs saga* 1959 er truleg valt fordi han er ein luring og reven på norrønt vart oppfatta som ein luring, jf. det Mundal (1974) seier om korleis fylgjedyret til ein person i norrøn litteratur ofte var av eit dyreslag som høvde med

1) Jamfør Knirk 2010, 2011; Schulte 2011b, 2011a, 2013.

karakteren til personen. Sjølv om populære namnebøker forklarar kva namn tyder, så ser vi av ein del namnesamansettingar i gammalnordisk tid at namna neppe kan ha vorte oppfatta bokstavleg. Døme kan vera *Hallsteinn*, *Ornulfr* og *Holmgeirr*, som bokstavleg tyder det meiningslause ‘stein-stein’, ‘ørne-ulv’ og ‘holme-spjut’ (Janzén 1947b: 32). Likevel har mytologiske namn ofte bokstavleg tyding som er meiningsberande, som *Óðinn* ‘den rasande, ekstatiske’, *Freyja* ‘frua’, *Sif* ‘slektskap’ og *Verðandi* ‘vertande’.

- Har unik referanse (er monoreferensielle), viser til ein «distinkt [...] framtoning» (Lundbladh 2015: 222, Gustavsson 2016: 31). Vel finst det mange som heiter *Petter*, *Kari*, eller *Kristina*, men når eit namn blir valt til ein ny verdsborgar, så blir det valt til akkurat den personen.
- Veksler vanlegvis ikkje mellom bunden og ubunden form (Lundbladh 2015: 217, Bakken 2002).²⁾
- Blir vanlegvis ikkje omsette mellom språk (Vendler 1975).³⁾

Tilnamn har unik referanse, men dei tyder noko i seg sjølve, det er poenget med dei. Dei er «extranamn eller sidonamn» (Gustavsson 2016: 26), men eigentleg beskrivande tillegg som skal skilja beraren frå andre med same «'real' name» (Brylla 2016: 238, Hald 1974), «eller för att hedra eller nedsätta honom» (Lindquist 1947: 14). Døme kan vera *på Neset* i *Hans på Neset* (Hans Vaskinn, ein slektning av meg på Grytøya som eg hugsar frå barndomen), *med håret* i *Kåre med håret* (ein kar med stort, fagert hår eg studerte i lag med i Tromsø på 1990-talet). Og tilnamn blir oftast omsette mellom språk, t.d. *Haraldr*

2) I vestlandsdialekt, kanskje særleg i bergensdialekten, kan personnamn tradisjonelt ha bunden form, som *Henriken* og *Brito* (ikkje Bergen), etter tysk påverknad (Pettersen 1989).

3) Det vekte sterke reaksjonar då turistkontoret Destinasjon Midt i Troms i ein brosjyre i 1999 omsette ei mengd namn på stader og bedrifter i Midt-Troms til engelsk, m.a. *Hann* i *Senja* til *The Harbour in Senja* og *Målselva* til *The Mål River* (Wilhelmsen 1999).

blátönn > *Harald Bluetooth*, *Harald Blåtann*, *Eiríkr rauði* > *Eric the Red*, *Eirik Raude*. (Kongenamn er ikkje unntak frå dette. *Karl – Charles*, *Svend* [Tveskæg] – *Svein* [Tjugeskjegg] er ikkje omsetjing, men same namn i ulik språkform.) Tilnamn kan bli særnamn (Janzén 1947a: 3, Janzén 1947b: 50 ff.), t.d. *Skjalgr*, eigentleg: ‘han som skjeglar’, *Halfdan* eigentleg: ‘halv-dansken’, *Stígandi*, eigentleg: ‘han som går’, truleg *Finnr*, eigentleg: ‘same’.

Appellativ / samnamn tyder òg noko i seg sjølve, det er poenget med dei òg. Dei blir i regelen omsette mellom språk, dei vekslar mellom bunden og ubunden form, og dei har fri referanse. Seier vi *båt*, *bil* eller *tre*, så meiner vi ikkje ein viss båt, ein viss bil, eit visst tre. Stadnamn har ofte starta som appellativ brukte for å peike ut ein stad, og så vorte hengande ved staden. Appellativ kan òg bli personnamn; det har vore vanleg i gammal tid, men kan skje i dag og.⁴⁾ Og namn kan bli til appellativ, som *wellingtons* og *frisbee* (Lundbladh 2015: 220).

Men korleis kan vi skilja namn, tilnamn og appellativ i det urnordiske korpuset, som er lite totalt sett og har svært korte tekstar? Kva som er namn, går gjerne fram av samanhengen. Er tekstane veldig korte, og det er lite bakgrunnsopplysningar å finne, så kan det vera vanskeleg å avgjera. Endå vanskelegare blir det av at skilet mellom særnamn og tilnamn truleg var mindre klårt den gongen enn i dag. Jamfør desse definisjonane: Eit *tilnavn* er «den del af en personbenævnelse, der hverken kan bestemmes som et fornavn eller et familienavn» (Wegener 1975: 27, i Gustavsson 2016: 28), og: «[A...] nickname is [...] a name given to a person in addition to his/her legal given names» (Busse 1983: 301, i Gustavsson 2016: 28). Desse definisjonane føreset anten ein motsetnad til faste familienamn, som ikkje var vanleg i gammal tid (Veka 2001: 14), eller at hovudnamnet har eit offisielt stempel som vi ikkje kan veta at det hadde i gammal tid – jamvel om vi må kunne gå ut frå at namnet barnet fekk ved fødselen hadde ein annan status enn dei hadde, dei beskrivande tilleggsnamna som

4) Ein norsk tidlegare narkoman gav for få år sidan dotter si mellomnamnet *Mirakel*, fordi både han og sambuaren tykte det var eit mirakel at han hadde fått barn. <https://www.nrk.no/livsstil/ny-sproyte-hjalp-aleksander-ut-av-rusavhengighet-1.13735165>, <https://radio.nrk.no/serie/ekko/MDSP25020917/19-10-2017>. Publisert 19.10.2017.

eventuelt vart gjevne seinare. At vi er litt ustøe når det gjeld kva status tilnamn skal ha, ser vi elles av at det varierer mellom språk og mellom tilnamnstypar om vi skriv stor førebokstav eller ikkje i dag. På norsk skriv vi *Raud den ramme*, med liten førebokstav når *den* står føre adjektivet, men *Eirik Raude* med stor førebokstav, utan at det er opplagt at det eine adjektivet er meir namn enn det andre. På islandsk skriv dei liten førebokstav i begge tilfella, på engelsk stor i begge tilfella.

Det er då òg fleire granskarar som har peika på at det er vanskeleg å skilja ut personnamn av dei urnordiske innskriftene (m. a. Kousgård Sørensen 1993: 14, Peterson 1994: 136, Knirk 2011: 36). Men hos dei som har prøvd på det, finn eg inga eksplisitt drøfting av kva kriterium vi kan bruke i møtet med dette problemet (von Friesen 1924, Lindquist 1947, Hald 1971, Kousgård Sørensen 1993, Peterson 1994, 2002, 2004) – jamvel om desse granskingane er imponerande prestasjonar på andre måtar.

Lindquist meiner faktisk at det ikkje er så vanskeleg (1947: 7), og opnar si gjennomgåing slik:

Man skulle kunna formulera en regel så, att runinskriften oftast innehåller *ett* namn på en person. De inskrifter, som avviker i sin lydelse, är få, det rör sig då om några som har blivit tydda som magiska formler eller dylikt. Men mest möter man signaturer, så som den berömda på det ena guldhornet från Gallehus i Danmark» (ibid: 5).

Det stemmer heilt sikkert at mange er av den typen. Men vil vi ikkje lett overdrive tendensen, med eit element av sirkelslutning?: «Ein viktig grunn til at vi meiner det i så stor grad er denne typen tekstar, er at dei så ofte inneheld personnamn – og derfor meiner vi dei så ofte inneheld personnamn» –? Eg er klar over at regelen Lindquist formulerer (utan at det er sagt) i stor grad bygger på det yngre runekorpuset, som er enormt mykje større og dessutan språkleg langt på veg overlappar med det kjempestore norrøne handskriftkorpuset, slik at det er lettare å avgjera kva som er namn og kva som ikkje er det. I det yngre runekorpuset er det ingen tvil om at svært mange innskrifter er signaturar, der runeristaren nemner seg sjølv ved namn. (Nokre tilfeldige døme,

frå Södermanland: 2. Axala, 3. Vänga, 7. Öja og 8. Nybble, i Brate 1924-36.) Dette inneber likevel eit metodeproblem, fordi det lett fører til generalisering: Fordi vi har god grunn til å tru at mange eksemplar høyrer til ein viss kategori, så går vi ut frå at fleire eksemplar enn det er grunnlag for høyrer til den kategorien. Slik har det vore t.d. med gardsnamn på *-stað(i)r*. Fordi svært mange føreledd er personnamn (t.d. i *Egilsstaðir* og *Hallormsstað[u]r* i same område på Aust-Island), har vi tolka for mange føreledd som personnamn (Sandnes 1997: 421).

Dette trur eg har skjedd med dei urnordiske *-gastiR*-orda, som eg skal bruke som illustrasjon av poenga mine. Det er vanleg å rekne med sju *-gastiR*-innskrifter: *a[n]sugastiR* på Myklebostadsteinen, (kanskje) *///daga[s]tjir* på Einangsteinen ([*Go*]dagastiR?), *hlewagastiR* på gullhornet frå Gallehus, *naudigastiR* på Hogganviksteinen, *wagagastiR* på økseskaftet frå Nydam, *widugastiR* på Sundesteinen, og *saligastiR* på Bergasteinen (Peterson 1994, Knirk 2002, 2010, 2011; Krause og Jankuhn 1966).⁵⁾ I alle tilfella blir ordet som endar på *-gastiR* – det er vårt ord *gjest* – meir eller mindre allment oppfatta som personnamn. Til dømes har Peterson alle med (bortsett frå *naudigastiR* frå Hogganviksteinen, som endå ikkje var funnen) i sitt oversyn over urnordiske personnamn, utan problematisering (Peterson 2004). Haldninga er den same hos von Friesen 1924 og Lindquist 1947.

Kvifor blir alle rekna som namn? – og er det så sikkert at dei er det? Kanskje spelar det ei viss rolle at samnamn / appellativ i innskrifter eldre enn 1100-talet alltid har ubunden form (fordi bunden form ikkje var oppstått i språket endå. Hreinn Benediktsson (1962: 492), også i mange tilfelle der vi i dag ville brukt bunden form – bortsett frå i særnamn, som i regelen har ubunden form? (Jamfør omsetjinga av Hogganvik-innskrifta ovanfor.) Men hovudresonnementet, som likevel er u-uttala, ser ut til å vera at fordi det er god grunn til å tru at nokre ord på *-gastiR* er namn, så er alle det. «Gjest» er kjent som etterledd i mannsnamn vidt ikring på germansk språkområde, som i norrønt *Þór-gestr* og *Goðgestr*, til dels òg i andre indoeuropeiske språk. Nokså sikre motsvar til to *-gastiR*-føreledd er òg kjende i personnamn: *hlewa-* på gullhornet ser ut til å ha indoeuropeiske parallellar, og *a[n]su* på

5) Eg følgjer Peterson (1994) i å ikkje ta med *a[n]dagast*, som Antonsen (2002: 273) les på Vimose-spenna. Lesemåten er usikker.

Myklebostadsteinen høver med føreleddet i norrønt *Áskell, Ásgeirr* osv. (Peterson 2004: 167, Schulte 2011a: 57, von Friesen 1924: 92, Jackson 2012, Hald 1971: 21 ff.).

Men er det dermed sagt at alle kjende urnordiske ord samansette med *-gastiR* er namn? Ein kunne òg resonnert slik: «"Gjest" er vanleg som etterledd i appellativ vidt ikring på germansk språkområde,⁶⁾ ikkje minst i dei norrøne handskriftene. Altså er alle kjende urnordiske ord samansette med *-gastiR* appellativ, ingen er personnamn.» Dette er sjølv sagt eit logisk ugyldig resonnement. Men resonnementet som gjer at alle *-gastiR*-ord blir rekna som personnamn, ingen som appellativ, er heller ikkje godt. Det inneber at dersom det hadde dukka opp nye innskrifter med urnordisk form av nokre av orda i fotnote 6, så ville vi utan vidare oppfatta dei som namn.

Føreledda i resten av *-gastiR*-orda er det vanskeleg eller tvilsamt å kople til kjende namn, vurdert ut frå orda sjølve. *///dagaætjir* på Einangsteinen (lesemåte etter Krause og Jankuhn 1966: 143 og Peterson 2004: 8, 1994: 137) er det vanskeleg å seia noko om, sidan innskrifta er ufullstendig. At det skulle vera eit namn **GodastiR*, svarande til norrønt *Goðgestr*, er mogleg, men heilt i det blå. To andre – *widugastiR* på Sundesteinen og *saligastiR* på Bergasteinen – er kjende som

6) Norrønt: *vetrgestr, aufúsugestr* 'velkomen gjest', motsett *andvaragestr; vágestr* «Gjest hvis Ankomst volder ubehagelig Overtaskelse», *nætrgestr, fjølgestr* adj. «besøgt af talrige Gjæster», *skemmðargestr* (Fritzner: *Ordbog over det gamle, norske sprog*, <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=86&tabid=1275>, søk på «%gestr»); gammalengelsk: *Selegist (selegyst)* «A guest in a hall», *gryregæst* «A dreadful guest», *inwitgæst* «A guileful, evil guest», *niþgæst* «A malicious, malignant guest» (Bosworth og Toller 1898: 859, 492, 597, 723), nynorsk: *teatergjest, sommar-gjest, snikjegjest = smultregjest = slimegjest = noytgjest* 'snyltegjest', *leidgegjest* 'ein som har moro av å yppe seg i selskap', *kyrkjegjest, bryllaupsgjest, bordgjest, badegjest, ballgjest, altargjest, kvardagsgjest, nattverdgest* (Grunnmanuskriptet til *Norsk ordbok*, <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=59&tabid=993>, søk på «%gjest»); svensk: *kafégäst, nattgäst, spisgäst, bordsgäst, bröllopsgäst, dromtegäst = druntegäst = snyltgäst = frossgäst, nattvardsgäst, hyresgäst, vårdshusgäst, maskeradgäst, vardagsgäst, stamgäst, himlagäst, matgäst, belsazgäst* «som ogärna mottager o. undfagnar gäster; som icke visar gästfrihet», *middagsgäst, restauranggäst, plåggögäst, skämdagäst* «gäst ([el][er] anställd) som drar skam över sitt värdfolk» = *skamgäst, skimtegäst* «göklare, speleman», *brunnsgäst* 'kurbadgjest', *hotellgäst, olympiagäst, myrgäst* 'framand organisme/parasitt/insekt som lever i eit maursamfunn', *våldgäst* «parasit, snyltgäst» (*Svenska akademiens ordbok*, søk på «*gäst», på <http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>).

appellativ i andre gammalgermanske språk. I prologen til den gammalfrankiske lova *Lex Salica*, som fyrst vart utforma mellom 507 og 511, finn vi *salegast* og *widogast* (Haubrichs 2008, Bach 1953: 143, 336), som formelt svarar til *saligastiR* og *widugastiR*. Desse orda har vore brukte som stø for at *saligastiR* og *widugastiR* er namn (t.d. von Friesen 1924: 85, Janzén 1954: 84), men no ser det vanlegaste synet blant forskarane ut til å vera at dette ikkje er namn, men eit slag titlar (referansar hos Bach 1953: 336. Til dømes fører korkje Peterson 2004 eller Knirk 2010 opp desse parallellane i sine namnedrøftingar.) Dei høyrer nemleg til ein bukett av nemningar for eit slag offisiantar på tinget: *wisogast*, *bodegast*, *salegast* og *widogast*, der *bodegast* representerer staden *Bothem*, *salegast* staden *Salehem* og *widogast* staden *Widohem* (Haubrichs 2008, særleg 55–6; Bach 1953: 143, 336). Akkurat korleis dette skal forståast er noko uklårt, men dei fleste ser ut til å meine at *wisogast*, *bodegast*, *salegast* og *widogast* er nemningar på representantar for stender eller folkegrupper av ulike slag (referert hos Haubrichs 2008 og Bach 1953: 336). Då oppfattar ein *-gast* i desse orda som ‘mann’ eller ‘representant’. Haubrichs (2008) meiner likevel dette er namn, men grunnen til å tvile på det er såpass stor at vi etter mitt syn ikkje bør ta *Lex Salica*-prologen som belegg for *saligastiR* og *widugastiR* som namn. Frå gammalengelsk er eit formelt motsvar til *saligastiR* tvillaust kjent som appellativ: *Selegist* (*selegyst*) er brukt i *Beowulf* (1545) om «A guest in a hall» (Bosworth & Toller 1898: 859, påpeika av Hald 1971: 24).

I visse tilfelle er det vanleg å resonnerer slik at dersom eit runeord er kjent som appellativ, så er det ikkje personnamn i runeinnskrifta:

The reason why we do not count **gudija** and **erilar** among the personal names is only that *gudja* is recorded in Gothic as an appellative meaning ‘priest’, and that **erilar** occurs in many inscriptions and cannot [...] be identified with any other word than the classic and well-known pl. *eruli* ‘herulians’. (Peterson 1994: 136).

Brukar vi same resonnementet på *saligastiR* og *widugastiR*, så er desse orda ikkje personnamn, men appellativ. Det *treng* vi likevel ikkje;

mange personnamn er jo òg appellativ. Til dømes peikar Peterson (ibid) òg på at det urnordiske «**hagustaldar** corresponds to a well-known appellative in the Germanic languages, and yet it is regarded as a personal name». Men dersom eit runeord er kjent som appellativ, så bør vi vel krevja særskilde grunnar til å oppfatte det som særnamn. Det har ingen gjort i tilfella *saligastiR* og *widugastiR*.

Det namnekriteriet som ser ut til å vera viktigast hos granskarane, trass i at ingen formulerer det eksplisitt, er kva som gjev best mening i kvar innskrift, totalt sett (sjå t.d. Kousgård Sørensen 1993: 14, Peterson 1994, s. 140 ff. og 2004: 5 ff.). Eg meiner òg at dette må vera det viktigaste kriteriet, men det er dessverre ganske subjektivt og derfor vanskeleg (jf. runologiens fyste lov, som skal vera formulert av arkeologen David M. Wilson: «for every inscription there shall be as many interpretations as there are scholars working on it»; Page 1987: 10.). I tillegg har eg inntrykk av at ein i analysen av innskriftene (forståeleg nok) ikkje strevar like hardt for å skilja mellom særnamn, tilnamn og appellativ som mellom substantiv og ikkje-substantiv. Kombinert med Lindquist-regelen ovanfor, gjev dette ein tendens til at dersom eit sannsynleg substantiv *kan* tolkast som namn, så blir det tolka som namn, utan at alternativ nødvendigvis blir seriøst vurderte.

Eit døme på det er *widugastiR* på Sundesteinen (Krause & Jankuhn 1966: 198-99), som er spesielt interessant tolkingsmetodisk, fordi ordet formelt er utvitydig: det svarar til norrønt **viðgestr* med bokstavleg tyding ‘skoggjesten / tregjesten’ (som ikkje er heimla på norrønt, men altså på gammalhøgtysk [*widogast*], der det truleg har ei overført tyding). Ordet er det einaste på steinen, som er liten og funnen i ei kvinnegravrøys. Det er fullt mogeleg at *widugastiR* er namnet på runeristaren, slik ein gjerne meiner. (*WidugastiR* er hankjønnsform, så det er neppe namn på kvinna i grava.) Men det går òg an å oppfatte det som ein «appellativ personal designation» (som Peterson [1994: 136] generelt nemner som eit alternativ til tolking som namn), brukt av runeristaren på seg sjølv. Til dømes kan vi tenkje oss at det har med skog å gjera. Røysa ligg på eit nes på Askrova, som er ei øy i havgapet utanfor Florø, der vi må tru det var avskoga alt i folkevandringstida, då steinen vart lagd i røysa. (Lyngheia på kysten oppstod med februket i yngre steinalder; Haaland og Kaland 2002.) Ein gravferdsgjest inne

frå fjordane, der det var skog, kan då tenkjast å ha kalla seg for 'skog-gjesten'. At ei gravinnskrift kommenterer gravferda, ser vi m.a. på Tunesteinen (Grønvik 1981). Det skulle òg gå an å tenkje seg at kvinna i grava var frå fjordane, men gjest på Askrova då ho døydde. (At eit hankjønnsord viser til ei kvinne, er uproblematisk.) Eg hevdar slett ikkje at *widugastiR* må tolkast slik. Men eg vil peike på at dette skulle vera kurante mulegheiter. At einaste alternativ skal vera at ein runeristar har lagt ei «Kilroy was here»-innskrift inn i grava, er det vanskeleg å sjå.

Knirk (2011: 36) nemner eit særnamnkriterium som er ein snevrare variant av det med kva som høver best i samanhengen. I polemikk mot Schulte sitt forslag om at *naudigastiR* på Hogganviksteinen kan vera ein 'kaksegjest så kravstor at han ruinerer gjesten', slik som (appellativet) *Not(h)gast* på 1800-talstysk (Schulte 2013: 124), seier Knirk:

En forutsetning for at vi kan tolke en slik sammensetning som personkarakteriserende heller enn et navn, er at sammensetningen gir mening. Når betydningen av en sammensetning er så lite innlysende som ved *NaudigastiR*, taler det for at vi [...] har å gjøre med et navn.

Dette resonnementet heng saman med det fyrste særnamn-kriteriet vi såg på. Når særnamn vanlegvis ikkje tyder noko i seg sjølv, kan ein meine at samansette ord som ikkje gjev «innlysende» mening, helst er namn. Når det gjeld samansetjinga *naudigastiR*, er det vanskeleg å ta stilling til om ho er «lite innlysende». Ut frå norrøne parallelar som *nauðmaðr* og *nauðmágr* skulle ein **nauðgestr* vera ein gjest som tvingar seg på,⁷⁾ altså eit fenomen som nok var kjent. Uansett kan vi slå fast at mange samansette runeord kan lesast beint fram med god mening utan at nokon har nemnt det som argument *mot* å oppfatte dei som personnamn. To nærliggjande døme er *saligastiR* og *widugastiR*.

Resonnerer vi vidare i Hogganvik-innskrifta med det kriteriet Knirk er inne på, så kan vi spørja om det er **kelbapewar*, *naudigastiR* eller

7) *Nauðmaðr* 'mann som har tvinga seg på ei kvinne', *nauðmágr* 'mann som har tvinga seg til å få vera svoger' (Fritzner 1883-96 II: 795, jf. døme på http://dataonp.ad.sc.ku.dk/wordlist_d.html).

erafar som gjev minst mening. «Jerv(en)» er eit heilt kurant appellativ, og det burde òg «nødgjest(en)» vera (ut frå jamføringa med *nauðmaðr* og *nauðmágr*). Meininga i «calfservant» eller «calf-thane» (Schulte 2013: 123), er derimot «lite innlysende», og då er det freistande å setja ordet på linje med samansette (ditematiske) personnamn som *Hallsteinn* 'stein-stein' og *Holmgeirr* 'holme-spjut'. Dette er eit argument (men er slett ikkje noko bevis) for at dersom vi skal redusere den påfallande namnetetheita i Hogganvik-innskrifta slik ho blir lesen, så er det **kelbapewar* vi bør la stå att som namn.

Ingen ting av det eg har sagt her beviser at det eller det ordet i ei urnordisk innskrift er appellativ eller tilnamn, og ikkje særnamn. Men eg håpar å ha vist at ein i forskningstradisjonen har vore snarare til å finne personnamn enn det eigentleg er grunnlag for. Eg ønskjer meg meir eksplisitt formulering av kriterium enn vi har sett til no, meir drøfting av alternativ til tolking som namn, og meir poengtering av kor usikre dei fleste av konklusjonane er. På grunn av kjeldesituasjonen er det jo lite som kan seiast sikkert om urnordiske personnamn og urnordisk språk og kultur i det heile.

Takk til Ivar Utne for litteraturtips, til Terje Torgilstveit for merknader til utkast, og til Forskargruppe i mellomalderfilologi ved UiB for innspel 24.10.2017.

Nemnd litteratur

- Antonsen, Elmer H. 2002: *Runes and Germanic linguistics*. Trends in linguistics Studies and monographs 140. Berlin.
- Bach, Adolf 1953: *Die deutschen Ortsnamen*. 1. *Einleitung – Zur Laut- und Formenlehre, zur Satzfügung, Wortbildung und -bedeutung der deutschen Ortsnamen*. Deutsche Namenkunde 2. Heidelberg.
- Bakken, Kristin 2002: Navnestatus og bestemthetskategorien. Terhi Ainala & Peter Slotte (red.): *Avgränsning av namnkategorier. Rapport från NORNAS tjugonionde symposium på Svidja 20–22 april 2001*. 20–36. Helsingfors.
- Bosworth, Joseph & T. Northcote Toller 1898: *An Anglo-Saxon Dictionary. Based on the Manuscript Collections of the Late Joseph Bosworth*. Edited and enlarged by T. Northcote Toller. Oxford.

- Brate, Erik 1924–36: *Södermanlands runinskrifter*. Sveriges runinskrifter 3. Stockholm.
- Brylla, Eva 2016: Bynames and nicknames. Carole Hough (red.): *The Oxford Handbook of Names and Naming*. 382–94. Oxford.
- Busse, Thomas 1983: Nickname usage in American high school. *Names* 31. 300–06.
- Coates, Richard 2006: Properhood. *Language. Journal of the Linguistic Society of America* 82. 356–82.
- Friesen, Otto von 1924: *Rö-stenen i Bohuslän och runorna i Norden under folkvandringstiden*. Uppsala universitets årsskrift 1924. Filosofi, språkvetenskap och historiska vetenskaper 4. Uppsala.
- Grønvik, Ottar 1981: *Runene på Tunesteinen. Alfabet, språkform, budskap*. Dr. philos.-avhandling, Universitetet i Oslo.
- Gustavsson, Linnea 2016: *Moderna vardagliga binamn i Sverige*. Namn och samhälle 29. Uppsala.
- Haaland, Svein og Peter Emil Kaland 2002: *Fem tusen år med flammer. Det europeiske lyngheilandskapet*. Bergen.
- Hald, Kristian 1971: *Personnavne i Danmark*. 1. *Oldtiden*. Dansk historisk fællesforenings håndbøger København.
- Hald, Kristian 1974: Tilnavne. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 18. 315–18. Oslo.
- Haubrichs, Wolfgang 2008: Namenbrauch und Mythos-Konstruktion. Die Onomastik der Lex-Salica-Prologe. Uwe Ludwig & Thomas Schilp (red.): *Nomen et Fraternitas. Festschrift für Dieter Geuenich zum 65. Geburtstag*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der germanischen Altertumskunde 62. 53–79. Berlin.
- Hreinn Benediktsson 1962: Islandsk språk. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 7. 486–93. Oslo.
- Jackson, Peter 2012: Det urnordiska namnelementet *-gastiz*. Några språk- och religionshistoriska sonderingar. *Studia anthroponymica Scandinavica* 30. 5–18.
- Janzén, Assar 1947a: Inledning. Assar Janzén (red.): *Nordisk kultur* 7. *Personnamn*. 1–4. Stockholm.
- Janzén, Assar 1947b: De fornvästnordiska personnamnen. Assar Janzén (red.): *Nordisk kultur* 7. *Personnamn*. 22–186. Stockholm.
- Janzén, Assar 1954: The Provenance of Proto-Norse Personal Names. *Names* 2. 81–100.

- Knirk, James E. 2002: Myklebostad. § 2 Runologisches. *Reallexikon der germanischen Altertumskunde* 20. 453 f.
- Knirk, James E. 2010: Runesteinen med eldre runer fra Hogganvik ved Mandal. *Nicolay. Arkeologisk tidsskrift* 111. 13–18.
- Knirk, James E. 2011: Hogganvik-inskriften. En hard runologisk nøtt. *Viking. Norsk arkeologisk årbok* 74. 25–39.
- Kousgård Sørensen, John 1993: Ordbog over urnordiske personnavne. Lena Peterson (red.): *Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk. Handlingar från NORNA:s artonde symposium i Uppsala 16–19 augusti 1991*. (NORNA-rapporter 51.) 13–21. Uppsala.
- Krause, Wolfgang & Herbert Jankuhn 1966: *Die Runeninschriften im älteren Futhark*. Abhandlungen der Akademie der Wissenschaften in Göttingen. Philologisch-historische Klasse. 3. Folge Nr. 65. Göttingen.
- Króka-Refs saga* 1959. Íslenzk fornrit 14. Jóhannes Halldórsson gaf út. 117–60. Reykavík.
- Lindquist, Ivar 1947: Översikt över de äldsta skandinaviska personnamnen, med huvudvikten på de urnordiska. Assar Janzén (red.): *Nordisk kultur* 7. *Personnamn*. 5–21. Stockholm.
- Lundbladh, Carl-Erik 2015: Prototypisk namndefinition. Birgit Eggert m. fl. (red.): *Navne og skel – Skellet mellem navne. Rapport fra Den femtende nordiske navneforskerkongres på Askov Højskole 6.-9. juni 2012*. Bind 1. 217–29. Uppsala.
- Mundal, Else 1974: *Fylgjemotiva i norrøn litteratur*. Skrifter fra instituttene for nordisk språk og litteratur ved Universitetene i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø 5. Oslo.
- Page, R. I. 1987: *Runes. Reading the past*. 4. Berkeley.
- Peterson, Lena 1994: On the relationship between Proto-Scandinavian and Continental Germanic personal names. Klaus Düwel m. fl. (red.): *Runische Schriftkultur in kontinental-skandinavischer und -angelsächsischer Wechselbeziehung. Internationales Symposium in der Werner-Reimers-Stiftung vom 24.-27. Juni 1992 in Bad Homburg*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der germanischen Altertumskunde 10. 128–75. Berlin – New York.
- Peterson, Lena 2002: Lexikon över urnordiska personnamn. Presentation av ett forskningsprojekt. *Studia anthroponymica Scandinavica* 20. 125–29.
- Peterson, Lena 2004: *Lexikon över urnordiska personnamn*. Lexikonet finns enbart som nätpublikation, <http://www.sprakochfolkminnen.se/sprak/namn/personnamn/lexikon-over-urnordiska-personnamn.html>. Uppsala.

- Pettersen, Egil 1989: Einige Bemerkungen zum Schicksal niederdeutscher Entlehnungen im Norwegischen. Karl Hyldgaard-Jensen m. fl. (red.): *Niederdeutsch in Skandinavien 2. Akten des 2. nordischen Symposions «Niederdeutsch in Skandinavien» in Kopenhagen, 18.–20. Mai 1987*. Zeitschrift für deutsche Philologie 5. 210–19. Berlin.
- Sandnes, Jørn 1997: Stad. Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. 421 f. Oslo.
- Schulte, Michael 2011a: Runene på Hogganvik-steinen ved Mandal. En runologisk og lingvistisk kommentar. *Agder Vitenskapsakademi Årbok 2010*. 48–65.
- Schulte, Michael 2011b: Die Sprachliche Deutung der Hogganvik-Inschrift. Ergänzung zum vorläufigen Bericht. *Amsterdamer Beiträge zur älteren Germanistik* 67. 57–68.
- Schulte, Michael 2013: The Norwegian Hogganvik Stone as an Emblem of Social Status and Identity. *Journal of the North Atlantic*. 120–28.
- Veka, Olav 2001: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. Oslo.
- Vendler, Zeno 1975: Singular Terms. Leon A. Jakobovits & Danny D. Steinberg (red.): *Semantics: An Interdisciplinary Reader in Philosophy, Linguistics and Psychology*. 115–33. Cambridge
- Wegener, Vibeke 1975: Lokalitetsangivelser som tilnavne og familienavne i den danske adel 1250 – 1450. Thorsten Andersson (red.): *Binamn och släktnamn. Avgränsning och ursprung. Handlingar från NORNA:s tredje symposium i Uppsala 27–28 april 1974*. (NORNA-rapporter 8.) Uppsala.
- Wilhelmsen, Stein 1999: Navnemisbruk. *Nordlys* 12.06.1999. 36.

Om *Aura*, *Patron*, *Revolution* og tolkning av navn på travhester

Av Dag Orseth

Trotters are animals that compete against each other and their names are the primary instrument for the players to distinguish between them. Different countries all have limits of about 20 years before a name can be reused. Beyond this limit names are reused to a certain degree. This creates a situation of forced creativity when it comes to naming. In Scandinavia (Denmark, Norway and Sweden) as a whole there is a demand for more than 100 000 different names within a period of 20 years.

Consequently, both the use of stereotyped names and of names that characterize the individual horse, are more or less precluded. There is rarely any direct connection between the name and the horse denoted and different horses are given the same name at different times with, presumably, very different motivations.

Building on a previous paper the author uses the hermeneutics of Paul Ricoeur and Roman Jakobson's theory of communication functions to argue that horse names like Yellow Submarine, Revolution, Patron, and Aura are best understood as texts in miniature or utterances within a poetic function of language. The motivation resulting in the name cannot decide its signification. On the contrary this will be decided by each individual reading of the name, and this reading is in its turn based on the traces of meaning given in the name within the changing framework of the total corpus of the names given to the trotters. The name Aura can be read as a girl's name, as the name of a river, as a goddess in Greek mythology, as relating to migraine, as a halo or as an extinct language. The name Revolution can

namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG

REDAKTØRAR:

VIDAR HASLUM, OLE-JØRGEN JOHANNESSEN,
GUDLAUG NEDRELID OG TOM SCHMIDT

ÅRGANG 35 – 2018

NOVUS FORLAG – OSLO